




Eigarskapsmelding Vang kommune

2023 - 2027



Kommunestyret i Vang kommune

15.02.2024



Innholdsfortegnelse

Side | 1

Eigarskapsmelding Vang kommune 2023 - 2027 2

Innleiing.....	2
Organisasjonsformer.....	3
Kommunalt føretak (KF)	3
Aksjeselskap (AS)	3
Interkommunale selskap (IKS)	4
Interkommunalt samarbeid	4
Stifting.....	5
Eigarstyring	5
Føremålet med kommunen sitt eigarskap	5
Val til generalforsamling/representantskap og val av styre	5
Prinsipp for eigarstyring.....	7
Oversikt over kommunalt eigarskap i Vang kommune.....	8
Aksjeselskap	9
Jotun Holding A/S.....	9
Kommunekraft AS	10
Innlandet Energi Holding	10
Valdres Folkemuseum AS	11
Valdres Lab AS.....	11
Valdres Arbeidssenter AS	12
Valdres Næringshage AS	12
KLP	13
Valdres opplæringskontor BA.....	13
Interkommunale selskap (IKS)	14
Interkommunale samarbeid etter kap. 18 og 19 i kommunelova	14
Erlend Haaverstad	15

Eigarskapsmelding Vang kommune 2023 - 2027

Innleiing

Side | 2

Kommunelova § 26-1 stiller krav om at kommunen ein gong i valperioden skal utarbeide ei eigarskapsmelding som skal vedtakast av kommunestyret sjølv. Her skal bl.a. kommunen sine prinsipp for eigarstyring gå fram, oversikt over eigarinteresser i kommunale føretak og andre verksemder samt føremålet med desse eigarinteressene.

Når eigarinteressene er lagt til eigne rettssubjekt, vil vidare styring av verksemder bli avgjort av kven som sit i verksemndene sine eigarorgan. Kommunestyret vil kunne utøve eigarstyring ved å behandle eigardokumenta til selskapet eller å vera representert i eigarorganet.

Eigarskapsmeldinga gir oversikt over kva verksemder kommunen er medeigar i, føremålet med eigarskapet og kan gi ønska styringssignal. Det bør bli skilt mellom krav til utøving av eigarskap og dei målsettingar og føremål eigarane har (eigarstrategi).

KS har utarbeida følgjande 19 anbefalingar for aktivt eigarskap som ligg til grunn for eigarskapsmeldinga.


1. Obligatorisk opplæring og informasjon til folkevalde
2. Utarbeiding av eigarskapsmelding
3. Utarbeiding og revidering av selskapsstrategi og selskapsavtale/vedtekter
4. Val av selskapsform
5. Fysisk skille mellom monopol og konkurranseverksemd
6. Tilsyn og kontroll med kommunale foretak og med forvaltning av kommunen sine interesser i selskap
7. Samansetning og funksjon til eigarorgan
8. Gjennomføring av eigarmøte
9. Eigaren sine krav til profesjonelt styre
10. Valkomite for val av styret i selskaper (AS og IKS)
11. Rutinar for vurdering av styret sin kompetanse
12. Styresamansetning i konsernmodell
13. Val av vararepresentantar
14. Habilitetsvurdering og politisk representasjon i styret
15. Kjønnsrepresentasjon i styret
16. Godtgjering og registrering av styreverv
17. Medlemskap i arbeidsgjevarorganisasjon
18. Utarbeiding av etiske retningslinjer
19. Administrasjonssjefens rolle

Organisasjonsformer

Kommunen kan organisere si verksemd i eigen organisasjon eller med ulike formar for samarbeid.

Der verksemda ligg i eigen organisasjon eller i kommunale føretak har kommunen størst grad av

Side | 3 styring og kontroll. Ved å inngå samarbeid eller organisere verksemda i eigne rettssubjekt må kommunen styre gjennom sine eigarorgan som generalforsamling eller representantskap.



Kjelde: Regjeringa.no

Kommunalt føretak (KF)

Kommunalt føretak vert etablert med heimel i kommunelova kap. 9, og er ikkje ein eigen juridisk eining, men del av kommunen som rettssubjekt. Det er berre ein kommune som eigar eit kommunalt føretak, det er ikkje ein samarbeidsform mellom fleire eigarar. Kommunestyret er øvste myndigheit, gjer val av styret og godkjener vedtekten. Leiaren har ikkje rapporteringsplikt til kommunedirektøren, men har rett til å uttale seg før saker blir behandla i styret eller kommunestyret.

Kommunen er part i alle avtaler og ansvarleg for føretaket sine plikter.

Denne organisasjonsforma blir vald når ein ønskjer å skile ut ei teneste frå kommunen sin ordinære verksemd. Dette er ikkje mykje brukt i Valdres.

Aksjeselskap (AS)

Aksjeselskap er eigen juridisk eining. Eigaren sitt ansvar for selskapet sine plikter er avgrensa til eigaren sin del av aksjekapitalen. Selskapsforma blir mykje brukt i privat sektor for å redusere risiko, slik at aksjonären berre risikerer å tape betalt aksjekapital og ikkje drar med seg morselskapet eller privat økonomi inn i ein eventuell konkurs. Viss risiko for tap skal vera eit vesentleg moment for at kommunen organiserer verksemda i eit aksjeselskap, bør kommunen vera villig til å la selskapet gå

konkurs med påfølgjande tap for dei som har krav på selskapet. Dette er ofte ikkje tilfelle ved kommunalt eigarskap.

Selskapets øvste eigarorgan er generalforsamlinga. Generalforsamlinga vel styret. Styret har ansvar for forvaltning og løpende drift av selskapet.

Side | 4 Eigarane har stemmerett i generalforsamlinga ut ifrå kor stor del av aksjane dei har, og avstemminga er normalt fleirtalsval regulert av aksjelova. Styret skal jobbe for selskapet sitt beste, og her er det også fleirtalet som bestemmer.

Styring av kommunalt eigde aksjeselskap skjer gjennom kommunen sin(e) representant(ar) i generalforsamlinga.

Interkommunale selskap (IKS)

Eit interkommunalt selskap med heimel i kommunelova er eigen juridisk eining. Men deltararane kan berre vera kommunar, fylkeskommunar eller andre interkommunale selskap.

Lov om interkommunale selskap (IKS-lova) set krav og rammar knytt til denne selskapsforma. §4 i IKS-loven viser til at det skal bli oppretta ein skriftleg selskapsavtale. For dei einskilde deltararane skal kommunestyret eller fylkestinget sjølv vedta avtalen.

Det er ikkje innbetaling av kapital/innskott som avgrensar eigarane sitt ansvar, slik som i aksjeselskap, men deltararkommunane har ansvar for selskapet sine plikter jfr selskapsavtala. Selskapet sitt øvste eigarorgan er representantskapet. Styret har ansvaret for dagleg drift av selskapet.

Eigarstyring av IKS skjer gjennom kommunen sin representant i representantskapet og eventuelt i styret.

Interkommunalt samarbeid

Interkommunalt samarbeid blir organisert etter kommunelova som eit interkommunalt politisk råd (kap 18), kommunalt oppgåvefellesskap (kap 19) eller vertskommunesamarbeid (kap 20).

a) Interkommunalt politisk råd, kommunelova kap. 18

Behandlar saker som går på tvers av kommunegrensene. Samtlege deltararar i politisk råd skal vere representert med minst eitt medlem i representantskapet, valt av kommunestyret, som er øvste eigarorgan. Dette er typisk organisasjonsform for «Regionrådet».

b) Kommunalt oppgåvefellesskap, kommunelova kap. 19

Etablerast for å løyse felles oppgåver. Samtlege deltarar skal vere representert med minst eitt medlem i representantskapet, vald av kommunestyret. Den einskilde deltarar i eit kommunalt oppgåvefellesskap har uavgrensa økonomisk ansvar for sin del av fellesskapet sine plikter.

Side | 5

c) Vertskommunesamarbeid, kommunelova kap. 20

Ein kommune (samarbeidskommune) kan overlate lovpålagte oppgåver til ein annen kommune (vertskommune). Vertskommunesamarbeidet kan vere eit **administrativt vertskommunesamarbeid** eller vertskommunesamarbeid med felles **folkevald nemnd**.

Kommunedirektøren delegerer mynde til kommunedirektøren i vertskommunen etter instruks frå kommunestyret.

Vertskommunesamarbeida etter kommunelova kap. 20 omtalast ikkje nærrare i eigarskapsmeldinga.

Kommunen inngår i tillegg i fleire ulike former for administrativt samarbeid med andre kommunar, for å løyse konkrete oppgåver i fellesskap med kostnadsfordeling.

Stifting

Kommunen kan opprette stiftningar åleine eller saman med andre. En stifting er ikkje eigd av nokon, men styrer seg sjølv av eit vald styre og er eit sjølvstendig rettssubjekt.

Etablering (og oppløysing) av stiftningar skal skje etter *Lov om stiftelser* av 15.06.2001 nr. 59. Midlar i ein stifting kan ikkje bli overført til andre føremål enn til stiftinga sitt føremål, og kommunar bør vera forsiktige med å overføre store verdiar til ein stifting.

Eigarstyring

Føremålet med kommunen sitt eigarskap

Ein eller fleire av dei tre kategoriane nedanfor vert lagt til grunn for utforming av mål og motiv for eigarskapet, som omtalast under kvart engasjement:

- Politisk motivert, for eksempel behalde og vidareutvikle arbeidsplassar
- Finansielt motivert, dvs. sikre at investert kapital oppnår høgast mogleg avkastning over tid
- Effektivisering av tenesteproduksjon, for eksempel renovasjon, legevakt, brannvern, o.l.

Val til generalforsamling/representantskap og val av styre

I følge KS anbefaling for aktivt eigarskap (pkt. 7) er det anbefalt at sentrale folkevalde (ordførar) vert oppnemnt til å representere kommunen i øvste eigarorgan. Dette vil bidra til å forenkle samhandling og kommunikasjon mellom kommunestyret og eigarorganet. Medlemer av representantskapet i IKS er vald av kommunestyret jf. kommunelova, og andre kan ikkje møte etter fullmakt (i motsetning til i AS). Det bør derfor bli vald varamedlem for medlemmer i representantskapet.

Side | 6

Det er opp til kvart einskild eigarorgan (generalforsamling/representantskap) å stille krav til styret sin kompetanse og samansettning. Eit godt utgangspunkt kan vera det aktuelle selskapet sin føremålsparagraf og langsiktige strategiar. Det er viktig å utnemne styremedlem som utfyller kvarandre ifht. kompetanse og erfaring. Dersom folkevalde eller tilsette i kommunen er aktuelle som styremedlem i selskap kommunen har eigarinteresse i, bør det bli vurdert kor ofte vedkomande kan bli inhabil. Bruk av leiande politikarar i styret kan medføre inhabilitet ved behandling av saker om selskapet i kommunestyret/formannskapet. Kommunedirektøren blir ikkje inhabil i budsjett- og driftsspørsmål i selskap som er oppretta ut frå effektivisering av kommunale tenester.

Sitat frå aksjelova om leiing og saksbehandling :

«§ 6-12. *Forvaltningen av selskapet*

(1) *Forvaltningen av selskapet hører under styret. Styret skal sørge for forsvarlig organisering av virksomheten.*

(2) *Styret skal i nødvendig utstrekning fastsette planer og budsjetter for selskapets virksomhet. Styret kan også fastsette virksomheten.*

(3) *Styret skal holde seg orientert om selskapets økonomiske stilling og plikter å påse at dets virksomhet, regnskap og formuesforvaltning er gjenstand for betryggende kontroll.*

(4) *Styret iverksetter de undersøkelser det finner nødvendig for å kunne utføre sine oppgaver.*

Styret skal iverksette slike undersøkelser dersom dette kreves av ett eller flere av styremedlemmene.

§ 6-23. *Styreinstruks*

(1) *I selskaper hvor de ansatte har representasjon i styret, skal styret fastsette en styreinstruks som gir nærmere regler om styrets arbeid og saksbehandling.*

(2) *Instruksen skal blant annet inneholde regler om hvilke saker som skal styrebehandles og daglig leders arbeidsoppgaver og plikter overfor styret. Instruksen skal også inneholde regler for innkalling og møtebehandling.».*

Kommunestyret bør ha en prinsipiell diskusjon om godtgjering for styreverv (ref. KS anbefaling punkt 16), herunder tilsette i kommunen ifht eksterne. Godtgjeringa bør reflektere kompleksiteten til verksemda, kompetanse og tidsbruk, samt styret sin økonomiske og strafferettslege ansvar.

Alle som tek på seg styreverv for kommunale selskap bør registrere verva sine i styrevervregisteret (www.styrevervregisteret.no).

Side | 7

Prinsipp for eigarstyring


Når kommunen samarbeider i eit selskap, der avgjerder kjem frå fleirtalet i eigarorganet, kan ein større eller mindre kommune bli nedstemt. Dette i motsetning til i eit interkommunalt samarbeid etter vertskommunemodell jf. KL § 20, der vertskommunen har størst styringsrett. Men vertskommunen må førholde seg slik at samarbeidet blir oppretthalde og innafor samarbeidsavtala.

Når kommunen har gjort val om å etablere tenester i eigne selskap (AS eller IKS), så har kommunestyret politisk gjort val om å flytte styringa til ein eigen juridisk eining. Verksemda vil då bli styrt av selskapet sitt øvste eigarorgan (generalforsamling for AS og representantskapet i IKS), som skal velje eit styre til oppfølging av dagleg drift og dagleg leiar.

Om selskapet vert styrt politisk eller administrativt blir avgjort ved avgjerd om kven som er representant til øvste eigarorgan. I Vang kommune er det ofte ordførar som har dette vervet, men det kan også vere andre folkevalde eller representantar frå administrasjonen. Kommunestyret oppnemner normalt denne representanten, og organet sjølv kan ikkje utgjere generalforsamling viss det er fleire eigarar. Eigarorganet i alle selskap skal sjå til at det er vedtatt eigarstrategi for selskapet.

Eigarrepresentantar i dei ulike verksemder skal krevje at møteinkalling til eigarorganet, med saksliste, saksutgreiing og forslag til vedtak, blir sendt ut minst fire veker før møtet. Kommunen sin representant i verksemda sitt øvste eigarorgan skal vurdere sakslista. I den grad representanten er usikker på stemmegiving skal saka tas opp med ordførar og eventuelt kommunedirektør, som vurderer om sakens prinsipielle spørsmål bør tas opp i formannskapet eller kommunestyret for politisk avklaring.

Kommunen skal gjennom sitt eigarskap bl.a. sjå til at verksemndene har ein god openheitskultur, gode resultatmål, funksjonell internkontroll og høg etisk og moralsk standard i verksemda.



«Eigarskapshjulet»

Kjelde: nkrf.no

Oversikt over kommunalt eigarskap i Vang kommune

Aksjeselskap	Eigardel	Aksjekapital
Jotun Holding A/S	100,00%	10 000 000
Kommunekraft AS	0,31%	1 000
Innlandet Energi Holding A/S	0,074%	341 600 000
Valdres Folkemuseum AS	3,53%	695000
Valdres LAB AS	7,8%	577000
Valdres Arbeidssenter AS	6,10%	2 226 000
Valdres Næringshage AS	1,72%	1 220 000
Andre eigarformer		
Kapitalinnskott KLP		24 498 021
Valdres opplæringskontor SA	16,67%	30 000

Interkommunale selskap (IKS)	Eigardel	Innskutt kapital
Valdres kommunale renovasjon IKS	9,09%	2 376 945
IKT Valdres IKS	16,67%	2 000 000
Valdres Brann og Redningstjeneste IKS	15,00%	666 000
Innlandet Revisjon IKS	0,77%	2 378 900
VLMS Eiendom IKS	7,50%	20 000 000
Støttesenter mot incest og seksuelle overgrep IKS	4,50%	0

Kommunelov kap 18 og 19	Eigardel
Regionrådet i Valdres Interkommunalt Politisk Råd etter kommunelova kap 18	1/6
Valdres Natur og Kulturpark Kommunalt Oppgåvefellesskap etter kommunelova kap 19	1/6

Aksjeselskap

Jotun Holding A/S

Side | 9

Jotun Holding AS har egen eigarskapsmelding i tillegg til dette dokumentet.

Org.nr	925 066 885
Forretningsadresse	Tyinvegen 4861, 2975 Vang i Valdres
Kontaktperson	Adm dir jf www.brreg.no
Stiftet	20.04.2020
Aksjekapital	Kr 18.030.000
Marknadsverdi	(skal dokumenterast kvart fjerde år)
Selskapet sitt hovedføremål	Direkte eller indirekte gjennom eigarskap i datterselskap: å sørge for ei tidmessig og miljøvenlig energiforsyning med basis i Vang kommune sine ressursar og gode. Å gjennomføre/oppretthalde ei optimal utnytting av dei samla kraftressursar som Vang kommune rår over. Å arbeide for at samla energiressursar i Vang skal nyttast aktivt for å ivareta eksisterande og ny næring. Å drive anna verksemd ved mellom anna å bidra til å fremje næringsutvikling i samsvar med kommunen sine mål.
Eigarskapet:	
Føremål med eigarskap	Politisk eigarskap av selskapets nettverksemeld, fiber og sluttbrukarsal av straum. Finansielt eigarskap av kraftproduksjon, med større krav til utbyte.
Eigarandel	100,00%
Innskote eigarandel	Kr 30.000 (innskot frå Vang kommune) kr 18.000.000 i samband med emisjon.
Ansvarleg lån	Kr 14.000.000 (til datterselskap Vang Energiverk A/S)
Forventning	<ol style="list-style-type: none">1) Nettutbygging til sluttbruker varetek kommunens interesser for sikker straumleveranse til sluttbruker til riktig pris.2) God dekning på fiber3) God drift og vedlikehald av kraftproduksjon4) God forvaltning av kommunens kraftrettar og eigenproduksjon.
Datterselskap	Vang Energiverk A/S -100% Jotun Kraftproduksjon A/S 100% Jotun Fiberinvest A/S - 100% Jotunkraft A/S 100%
Generalforsamling	Ordførar med vedtak frå formannskapet
Selskapsstrategi	Vedteken 2020
Selskapsavtale	Ny konsernstruktur vedtatt 2020
Skille monopol og konkurranseutsett næring	Selskapet har begge områda, og har skilt dette ut i eigne selskap. Selskapet må likevel ha god dokumentasjon på riktig kostnadsfordeling mellom selskapa.

Kommunekraft AS

Org.nr	866 818 452
Forretningsadresse	Akersgate 30, 0158 Oslo
Kontaktperson	Caroline Lund
Stifting	28.04.1993
Aksjekapital	Kr 320 000
Selskapet sitt hovedføremål	Formidle aksjeeigarane sin disponible kraft, herunder konsesjonskraft, og drive annen virksomhet tilknyttet slik formidling.
Eigarskapet:	
Føremål med eigarskap	Politisk eierskap knytt til forvaltning av rettighets- og konsesjonskraft
Eigardel	0,31%
Bokført eigardel	Kr 1 000
Forventning	Sikre tilgang på kraftforvaltningskompetanse fra Landssammenslutningen for kraftkommunar
Datterselskap	
Generalforsamling	Ordfører representerer når aktuelt.
Selskapsstrategi	Ikkje avklart
Selskapsavtale	Ikkje avklart
Skille monopol og konkurranseutsatt næring	Ikkje aktuelt

Innlandet Energi Holding

Org.nr	922 320 918
Forretningsadresse	Industrigata 45 2619 Lillehammer
Kontaktperson	Oddleiv Sæle
Stifta	2019
Aksjekapital	Kr 341 600 000
Selskapet sitt hovedføremål	Eige aksjer i Eidsiva Energi AS ("Eidsiva") og gjennom dette eigarskapet bidra til å utvikle verdiar i Eidsiva samt det som står i samband med dette.
Eierskapet:	https://www.innlandet-energi.no/
Formål med eierskap	Politisk eierskap
Eigardel	0,0743%
Bokført eigardel	Kr 2 466 748
Ansvarlig lån	0
Forventning	
Datterselskap	
Generalforsamling	Ordfører representerer
Selskapsstrategi	
Selskapsavtale	
Skille monopol og konkurranseutsatt næring	

Valdres Folkemuseum AS

Org.nr	989 932 357
Forretningsadresse	Tyinvegen 27, 2900 Fagernes
Kontaktperson	Daglig leder Ole Aastad Bråten
Stifta	19.06.2006
Aksjekapital	Kr 695.000
Selskapet sitt hovedføremål	Drift av historiske steder, bygninger og severdigheter. Eier og driver av bygningsmessig anlegg og samlinger som befinner seg på Valdres Folkemuseums område, og i museets eie på annen måte. Befatte seg med kulturhistorisk bevaring og formidling, og drive forsking spesielt i tilknytning til den lokale kulturarven.
Eigarskapet:	
Føremål med eigarskap	Politisk eigarskap
Eigardel	3,53%
Innskote eigardel	Kr 24 000
Ansvarleg lån	0
Forventning	Museumsdrift i kommunen
Datterselskap	Valdresmusea AS
Generalforsamling	Ordførar
Selskapsstrategi	Ikkje avklart
Selskapsavtale	Ikkje avklart
Skille monopol og konkurranseutsatt næring	Ikkje aktuelt

Valdres Lab AS

Org.nr	986 387 250
Forretningsadresse	Skrautvålsvegen 77, 2900 Fagernes
Kontaktperson	Daglig leder
Stiftet	03.12.2003
Aksjekapital	Kr 1 005 000
Selskapet sitt hovedføremål	Laboratorieverksem og alt som står i samband med dette. Selskapet skal også yte veilednings-og konsulenttenester.
Eigarskapet:	
Føremål med eigarskap	Politisk
Eigardel	4,26%
Innskote eigardel	Kr 45 000
Ansvar lån	0
Forventning	1. Sikre føremålet 2. Utbyte av kapitalen
Datterselskap	Nei
Generalforsamling	Ordførar, men passiv eier
Selskapsstrategi	Ikkje avklart
Selskapsavtale	Ikkje avklart

Valdres Arbeidssenter AS

Org.nr	917 149 275
Forretningsadresse	Kongsvegen 80, 2920 Leira i Valdres
Kontaktperson	Daglig leder
Stiftet	24.02.2016
Aksjekapital	Kr 2 800 000
Selskapets hovedformål	Skape sysselsetting for yrkeshemmede gjennom produksjon, salg og alt som står i forbindelse med dette.
Egarskapet:	
Føremål med eigarskap	Politisk
Eigarrandel	28%
Innskutt eigardel	Kr 784 000
Ansvar lån	0
Forventning	<ol style="list-style-type: none"> 1. God sysselsetting for målgruppen 2. Utbytte av innskutt kapital
Datterselskap	Nei
Generalforsamling	Ordfører
Selskapsstrategi	Ikke avklart
Selskapsavtale	Ikke avklart
Skille monopol og konkurransesutsatt næring	Ikke aktuelt

Valdres Næringshage AS

Org.nr	984 023 049
Forretningsadresse	Skrautvålsvegen 77, 2900 Fagernes
Kontaktperson	Dagleg leiar
Stiftet	10.09.2021
Aksjekapital	Kr 1 220 000
Selskapet sitt hovedføremål	Vera utvikler for og koordinator av ein samlokalisering av kunnskapsbasert næringsverksemde i Valdresregionen. Dette skal skje i tilknytning til ein eide dom kor selskapet skal vera leietakar. Selskapet skal innanfor ramma av bedriftsøkonomiske prinsipp, lokalt legge til rette for at høgt utdanna personell kan utføre sin profesjon på heimstaden og bidra til at lokalt næringsliv får tilstrekkelig tilgang til slik kompetanse gjennom oppbygging av eit større totalmiljø som består av fleire små verksemder som grunnlag for eit fagleg og sosialt miljø og samarbeid mellom verksemndene. Selskapet kan ved aksjeinnskot eller på anna måte engasjere seg i dei verksemndene som blir lokalisert i Næringshagen sine leigde lokaler, men skal ellers ikkje delta i investeringar.
Egarskapet:	
Føremål med eigarskap	Politisk
Eigardel	1,72%
Innskote eigardel	Kr 21 000
Ansvar lån	0
Forventning	Utvikling av næring i Valdres. Utbytte av aksjekapitalen

Datterselskap	
Generalforsamling	Ordfører
Selskapsstrategi	Ikkje avklart
Selskapsavtale	Ikkje avklart
Skille monopol og konkurranseutsatt næring	Ikkje aktuelt

KLP

Org.nr	938 708 606
Forretningsadresse	Dronning Eufemias gate 10, 0191 Oslo
Kontaktperson	Wenche Westby Wenche.Westby@klp.no
Stiftet	01.01.1949
Aksjekapital	Ikkje aksjeselskap
Selskapet sitt hovedføremål	Selskapet skal ivareta medlemenes behov for tjenestepensjonsordninger. Selskapet kan også enten sjølv eller gjennom deltaking i andre selskap tilby andre pensjons- og forsikringsprodukt, og kan delta i eller drive einkvar verksemnd som naturlig heng sammen med forsikringsverksemnd og einkvar anna verksemnd som er tillatt for livsforsikringsselskap, herunder administrasjon og forvaltning av pensjonskasser.
Eierskapet:	
Føremål	Effektivisering av tenesteproduksjon
Eigardel	Ikkje interessant
Innskote eigardel	Øker med økt krav til eigenkapitalinnskot som går fram av note til kommunens årsrekneskapet.
Ansvar lån	Nei
Forventning	Sikre ansattes pensjons- og forsikringsordninger ihht tariffbestemmelser.
Datterselskap	Ikkje aktuelt
Generalforsamling	Ikkje fastsatt, kan være kommunedirektør
Selskapsstrategi	Ikkje avklart
Selskapsavtale	Ikkje avklart
Skille monopol og konkurranseutsatt næring	Ikkje avklart

Valdres opplæringskontor BA

Org.nr	991 988 505
Forretningsadresse	Yrkesskulevegen 2, 2920 Leira i Valdres
Kontaktperson	Se www.brreg.no
Stifta	24.10.2007
Aksjekapital	Ikke aksjeselskap
Selskapet sitt hovedføremål	Påta seg ansvaret for opplæring i alle relevante fag hjå medlemsbedrifter. Utvikle fagleg dyktig arbeidskraft, skape forståing og ansvar i forhold til yrke og samfunn, og der igjennom auke bedriftene sine konkurransesevner,

	I lønnsemeld og kvalitetsbevissthet. I samsvar med gjeldande lover og forskrifter skal opplæringskontoret etablere lærlingplasser i sine medlemsbedrifter, og skal i samarbeid med desse sørge for at lærlingane får ein tilfredsstillende bredde og fordjuping i faget.
Eigarkapet:	
Føremål	Politisk
Eigardel	Kr 5 000
Innskote eigardel	
Ansvar lån	0
Forventning	Bidra til å sikre grunnlaget for føremålet
Datterselskap	Uavklart
Årsmøte	Ordfører
Selskapsstrategi	Uavklart
Selskapsavtale	Uavklart

Interkommunale selskap (IKS)

Dette er selskap etablert for å effektivisere kommunalt samarbeid, der kommunestyret har vald å organisere verksemda som IKS med eigne selskapsavtaler. Kommunestyret vedtek sin representant i eigarorganet (representantskapet) i starten av kvar kommunestyreperiode.

Interkommunale selskap (IKS)	Eigardel	Innskutt kapital
Valdres kommunale renovasjon IKS	9,09%	2 376 945
IKT Valdres IKS	16,67%	125 000
Innlandet Revision IKS	0,77%	2 378 900
Valdres Brann og Redningstjeneste IKS	15,00%	666 000
VLMS Eiendom IKS	7,50%	20 000 000
NOK. Gjøvik - Støttesenter mot incest og seksuelle overgrep IKS		

Interkommunale samarbeid etter kap. 18 og 19 i kommunelova

Regionrådet i Valdres Interkommunalt Politisk Råd (RV IPR) er organisert etter kommunelova kap. 18. Valdres Natur og Kulturpark Kommunalt Oppgåvefellesskap (VNK KO) er organisert etter kommunelova kap. 19. Begge desse har eit representantskap som øvste eigarorgan. Kommunestyret vel sin representant til eigarorganet i starten av kvar kommunestyreperiode.

Erlend Haaverstad

414 38 914

Side | 15

Vang kommune sine overordna prinsipp for eigarstyring	
1	Val om å etablere eit selskap og val av selskapsform skal vere turta på kommunen sitt styringsbehov og føremålet med verksemda
2	Vang kommune skal gje klare og langsiktige mål for selskapa. Styret er ansvarleg for å realisere måla.
3	Vang kommune skal fremme sine interesser ovanfor kommunale selskap gjennom eigarorgana.
4	Selskapet sin kapitalstruktur skal vera tilpassa føremålet med eigarskapet og selskapet sin situasjon.
5	Det skal vera openheit knytt til Vang kommune sitt eigarskap og selskapa sin verksemd basert på prinsipp om meiroffentlegheit, og at det blir lagt til rette for gode prosessar framfor møter i representantskapet / generalforsamlingar.
6	Selskapa skal vera bevisst på sitt samfunnsansvar.
7	Styret skal på eit uavhengig grunnlag ha ein aktiv rolle med omsyn til service , kontroll , strategi og ressurssituasjon.
8	Styresamansetjing skal vere tufta på kompetanse, kapasitet og mangfald ut i frå selskapet sin eigenart.
9	Godtgjersle til styret skal vere rimeleg ut i frå ansvar, kompetanse, arbeidsbyrde og verksemda sin kompleksitet. Lønsnivå for leiarar skal vera konkurransedyktig , men ikkje lønsleiande innanfor tilsvarande selskap i sektoren.
10	Styret skal sjå til at selskapet har god internkontroll og hensiktsmessige system for risikostyring i forhold til verksemda sin karakter.